

2011

Nasjonalbiblioteket



Ukjent fotograf, Grand Hotel, Oslo, 14.4.1926.
Håndkolorert glassdias, Severin Worm-Petersen.



Nasjonalbiblioteket





Nasjonalbiblioteket som infrastruktur og tenesteleverandør for bibliotek

Bilete på framsida blei brukt på plakaten «Polene til folket». Den var ein del av ein plakatserie som Nasjonalbiblioteket laga i samband med utstillinga *Norske polarheltebilder 1888–1928*. Plakatseriar i tilknytning til utstillingar og forfattarjubileum er eitt eksempel på korleis Nasjonalbiblioteket fungerer som infrastruktur og tenesteleverandør til norsk biblioteksektor. Det har vore stor etterspurnad etter plakatan: Mange bibliotek rundt om i landet har brukt desse som utgangspunkt for eigne utstillingar og arrangement.

Nasjonalbibliotekets nye ansvar for utvikling av norsk bibliotekpolitikk kom til syne også gjennom andre tiltak i 2011:

- Første versjon av Biblioteksøk, ei felles søketeneste for alle bibliotek, blei lansert.
- Etablering av rådgivande utval med representantar frå begge biblioteksektorar. Utvalet har medverka til meir strategisk bruk av utviklingsmidlar.
- Nasjonalbiblioteket har besøkt alle regionar, arrangert og delteke på møte og konferansar.
- Digital avisteneste som er tilgjengeleg i ca 250 norske bibliotek.

Digital infrastruktur og innhaldsleverandør

I november blei det nye digitaliseringsbygget i Rana teke i bruk. Dei nye lokala huser digitaliseringsløyper knytte opp mot trykt materiale, i første rekkje norske bøker. Betre materialflyt gir betre høve til å gjennomføre digitaliseringsprogrammet. Det digitale arkivet har auka monaleg for alle medium, og auken i bruken av digitalt innhald er langt betre enn forventta. Bruken av Bokhylla aukar trass i at det ikkje er komme nytt innhald i den.

- Det blei totalt digitalisert ca 352 000 objekt i Nasjonalbiblioteket i 2011
- Av dette var det mellom anna ca 8,6 millionar boksider, ca 2,2 millionar avissider og ca 57 000 timar radiomateriale
- Digitalisering av stortingsforhandlingane blei sett i gang mot slutten av året. Totalt skal 3 millionar sider digitaliserast
- Den totale lagringskapasiteten i det digitale sikringsmagasinet var på 9 petabytes



Digital formidling

Nasjonalbibliotekets formidling av digitalt innhald har auka i 2011. Totalt blei det registrert meir enn 85 millionar sidevisingar frå Nasjonalbibliotekets nettsider. Dette er ein auke på meir enn 50 % frå 2010.

Det blei gjort meir enn 1,7 millionar søk i nb.no, noko som også er ein auke på meir enn 50 % frå 2010.

Bokhylla har vore ein viktig årsak til den auka bruken, men også auken i søkbare objekt i nb.no generelt medverkar til den positive utviklinga. Frå bokhylla-materialet blei det generert meir enn 35 millionar visingar av boksider 2011. Dette er ein auke på 47 % samanlikna med året før.

Forfattarnettstadene som var utvikla i samband med dei nasjonale forfattarjubilea (Wergeland, Hamsun og Bjørnson) er integrert i nb.no og framleis godt besøkt.

Aviser

På bakgrunn av avtalane med digitalisering av historiske avisarkiv er det inngått avtalar som gir høve til å vise dei historiske avissamlingane i alle norske bibliotek. Denne tenesta er etablert i ein første versjon og teke i bruk av ca 250 bibliotek.

Nettutstillingar

Til alle hovudutstillingar i Nasjonalbiblioteket blir det også laga ein nettversjon.



I samband med 200-årsjubileet til Universitetet i Oslo tilbakeførte Kulturdepartementet og Nasjonalbiblioteket jordglobusen til UiO og Observatoriet. Den nyrestaurerte globusen var opphavgel del av eit par – ein jordglobus og ein himmelglobus, som begge stod i Observatoriet inntil 1934. Jordglobusen blei da flytt til Universitetsbiblioteket på Solli plass. Nasjonalbiblioteket har hatt ansvaret for restaureringa. Her finussar konservator Chiara Palandri ein del av det nordvestlege Sør-Amerika.

Nasjonalbiblioteket som forskingsinfrastruktur

Nasjonalbibliotekets rolle i forskings-samfunnet er å vere ein infrastruktur for forskning gjennom tilrettelegging og aktiv formidling av samlinga. Eksempel på dette er:

• **SPRÅKBANKEN**

Nasjonalbiblioteket arbeider med å utvikle eit semantisk ordnett og ein taledatabase. Norsk ordbank er gjort tilgjengeleg for alle og Språkbankens verksemd har medverka til auka samarbeid mellom språkteknologiske miljø i inn- og utland og auka integrering av språkteknologisk tenking i Nasjonalbiblioteket.

• **DELTA KING**

I FORSKINGSPROSJEKT

Nasjonalbibliotekets deltaking skjer dels i form av digital tilgjengeleggje-ring av kjeldemateriale, dels i form av sjølvstendige forskingsbidrag. Eksem-pel er bevaring og digitalisering av musikkmanuskript til Musikkarvprosjektet og Mangfoldige Offentligheter ei undersøking av tidsskrift, yrings-friidom og sensur i Danmark–Noreg 1720–1814.

Eksempel på sjølvstendige forskings-bidrag er utgiving av ei kritisk-vitskap-leg utgåve av Johan Svendsens verk (Musikkarvprosjektet), det medievit-skaplege forskingsprosjektet Archive in Motion og bidrag til eit 1814-prosjekt leidd av Universitetet i Oslo.

Det blei i 2011 delt ut totalt 18,5 millionar kroner i prosjekt- og utviklingsmidlar til biblioteksektoren. Midla blei i 2011 delt ut innan følgjande innsatsområde:

- Samarbeid, partnerskap, modellar
- Ny formidling
- Leseløftet 2010-2014
- Nasjonalbibliotekets digitale tenester som grunnlag for nye tilbod



- **FORSKINGSKONFERANSAR**

Nasjonalbiblioteket arrangerte i 2011 tre forskingskonferansar med internasjonal deltaking: *Under the Law of Transformation* (International Film Conference 2011), 25.–26. august. *Noter til norsk gullalder* (Musikkarvkonferansen 2011), 1.–2. desember: *Technologies of Memory*

- **PUBLIKASJONAR**

Nasjonalbiblioteket gav ut ein komplett bibliografi over litteratur av og om Dag Solstad, ein monografi om fotografen Kåre Kivijärvi og *Norske polarheltebilder 1888–1928*. Det blei publisert ei utgåve av Nasjonalbibliotekets magasin NB21, og fagpersonar i Nasjonalbiblioteket medverka med trettittals artiklar i fleire norske og

utanlandske vitskapelege publikasjonar. Det blei også gitt ut to nye utgåver av den vitskapelege skriftserien Nota bene:

* *Axel Charlot Drolsum. Brev 1875–1926*

* *Opplysning, vitenskap og nasjon. Bidrag til norsk bibliotekhistorie*



- **BIBLIOGRAFISK
UTVIKLINGSARBEID**

Sentrale arbeidsområde var omsetjing av WebDewey, flytting av samisk bibliografi til BIBSYS, vidareutvikling av databasen Beacon for Freedom of Expression.

Nasjonalbibliotekets samling

Pliktavlevert materiale utgjør den største tilveksten til samlinga. Størst volum blant dei fysiske materialtypene hadde trykksaker meint for massespreiing, som reklametrykk, katalogar, kalenderar, løpesetlar og liknande: totalt 17 231 slike blei avlevert.

I samband med terrorhandlingane 22. juli blei det sett i gang ei eiga innhausting av nettsider på no-domena knytte til hendingane. Også sider som omhandla kommune- og fylkestingsvalet blir samla inn. Nasjonalbiblioteket haustar inn nettsider på konsesjon frå Datatilsynet.

Nokre viktige nyskaffingar til Nasjonalbibliotekets samling i 2011:

- Privatarkiv etter Jens Bjørneboe
- Cornelis de Jodes verdskart frå 1593
- Industri- og reklamefilm frå SAS-museet
- Privatarkiv etter religionshistorikarane Wilhelm Schencke og Sigmund Mowinckel
- Privatarkiv etter kvinnesaksforkjempar Margarete Bonnevie



Edvard Hoem får blommar og ein god klem av nasjonalbibliotekar Vigdis Moe Skarstein etter lanseringa av bind III i Bjørnson-bibliografien, som skjedde i Nasjonalbiblioteket. Forfattaren har brukt Nasjonalbiblioteket jamt i sitt arbeid med bibliografien. Lanseringa var eitt av mange arrangement som skjedde i Nasjonalbibliotekets lokale i 2011.

Foto: Leiv Brynjulf Aartun

Publikumsbruk

Stadig fleire bruker Nasjonalbiblioteket, både det fysiske biblioteket og på nett. 185 457 brukarar besøkte biblioteket i 2012. Det er ein auke på 18 000 samanlikna med året før. Dei 20 forskarplassane var utleigde heile året og det er kø for å få tilgang til plassane.

I løpet av året var det fire hovudutstillingar, åtte miniatutstillingar og 67 arrangement. Hovudutstillinga om fotografen Kåre Kivijärvi fekk mykje og god omtale i media. Det same gjorde utstillinga i samband med Dag Solstads 70-årsdag.



Kulturminister Anniken Huitfeldt besøkte Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana i januar. Der fekk ho mellom anna sjå digitaliseringsløypa for aviser. Basert på avtalar om digitalisering av historiske avisarkiv er det lansert ei ny avisteneeste i ca 250 norske bibliotek. Ved årsskiftet inneheldt denne tenesta 3,2 millioner avvissider frå Aftenposten, Stavanger Aftenblad, TrønderAvisa, Asker og Bærum Budstikke og Jærbladet.

Nasjonalbiblioteket er aktiv på sosiale medium som Facebook og Twitter. Ein tendens er at stadig fleire enkeltpersonar omtaler og tilrår Nasjonalbibliotekets tenester på sosiale medium, da særleg bokhylla-tenesta.

Utstillinga *Nasjonens hukommelse* var ein såkalla crowd curated utstilling – det vil seie at publikum, gjennom ei avstemning på nett, avgjorde kva som skulle vere med. Donald Duck frå 1963 fekk flest røyster © Disney og Donald Duck & Co





Avleveringa frå biblioteka til depotbiblioteket er framleis høg, og det blei i løpet av 2011 inkludert 67 000 monografiar og om lag 160 000 tidsskrifthefta i samlinga.

Nøkkeltal:

- Tal på utlån frå samlinga: 227 357. Dette er ein auke på nærmare 27 000 samanlikna med 2010.
- Vising av digitalt innhald: 34 241 436. Talet auka med nærmare 10 millionar samanlikna med 2010.
- Ved årsskiftet 2011–2012 hadde alle Internett-brukarar tilgang til 50 000 rettspliktige bøker via nb.no. Bøkene blei tilgjengeleggjorde i samsvar med Bokhylla-avtalen.
- Nettotilvekst av digitalt innhald var i 2011 på ca 425 TBytes.
- Totalt 116 søknader kom inn i samband med dei to utlysingane av prosjekt- og utviklingsmidlar til fag- og folkebibliotek. 74 prosjekt blei godkjent støtte.
- Utlånet frå Depotbiblioteket var 148 000 einingar i 2011, dette er ein auke på 10 % samanlikna med 2010
- Avleveringa av film var på same nivå som året før. Talet på avleverte videoar auka med 13 %, frå 496 i 2010 til 561 i 2012.